



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland



## PLANPROGRAM KOMMUNEPLAN FOR BYGLAND 2021-2033

Vedteke 29.05.2019



## Innheld

1	Innleiing .....	3
2	Formål og ambisjon for kommuneplanarbeidet .....	3
3	Bakgrunn .....	3
3.1	Formell forankring .....	3
3.2	Oppstart av kommuneplanprosessen .....	4
3.3	Kommuneplanen sin samfunnsdel .....	4
3.4	Kommuneplanen sin arealdel.....	4
3.5	Høyring og vedtak.....	5
4	Strategiarbeid i kommunen.....	6
4.1	Visjon .....	7
4.2	Verdiar .....	7
4.3	Innhald i kommuneplanen .....	8
4.4	Føringer for kommuneplanarbeidet.....	9
4.5	Medverknad og dialog.....	9
5	Leveransar .....	10
6	Organisering .....	11
6.1	Politisk .....	11
6.2	Administrativt.....	11
7	Framdriftsplan .....	11
8	Møtestruktur .....	13



## 1 Innleiing

Dette dokumentet gjer greie for formålet med planarbeidet samt planprosessen med fristar, deltararar, opplegg for medverknad, tematikk og behov for utgreiingar. Høyringsutkast til planprogram blir godkjent av kommunestyret og lagt ut til offentleg ettersyn samtidig med varsling om oppstart av planarbeidet.

Prosjektleiar: Fagleiar plan Sonja Lien Skjevrak  
Prosjekteigar: Rådmann Aasmund Lauvdal  
Avgjerdstakar: Kommunestyret i Bygland

## 2 Formål og ambisjon for kommuneplanarbeidet

Formålet med kommuneplanen er å skape ein open, konsistent, langsiktig og føreseieleg politikk og arealbruk for Bygland kommune. Strategien skal gå på tvers av politiske organ og administrasjon og blir utforma i tett samarbeid med innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv.

Kommuneplanprosessen skal sikre bidrag og eigarskap til ei langsiktig retning for Bygland.

Ambisjonen er at kommuneplanen vil:

- gi eigarskap til den strategiske retninga til kommunen for Bygland sine innbyggjarar, næringsliv og samfunn
- gi ein samla analyse over kommunen sin nå-situasjon og ressursgrunnlag
- sjå utfordringar og moglegheiter på tvers av tenester til best mogeleg felles ressursutnytting
- vere felles grunnlag for utarbeiding av vidare handlingsplanar og resultatmåling innanfor tenester i kommunen
- bli utarbeidd på ein måte som gir brei medverknad og debatt i kommunen
- sikre effektiv utnytting av organisasjonen gjennom felles forankra og overordna politisk og administrativ leiing

## 3 Bakgrunn

### 3.1 Formell forankring

Kommuneplanen er heimla i plan- og bygningslova der formatet på kommuneplanen og krav til prosessen for utforminga av denne er skildra i kapittel 10 og 11.

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein communal planstrategi. Planstrategien skal omfatte ei drøfting av Bygland sine



strategiske val knytt til samfunnsutvikling og ei vurdering av planbehova til kommunen i valperioden. Kommunestyret må då ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller delar av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar.

Gjeldande kommuneplan er frå 2011. Det er ei revidering av både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen dette framlegget til planprogram gjeld for.

### 3.2 Oppstart av kommuneplanprosessen

Oppstart av ny kommuneplan blir varsle i Setesdølen samt på heimesidene til kommunen. Varslinga vil inkludere formål og viktige problemstillingar for planarbeidet og framdrifta for arbeidet. Kommuneplanen sin struktur skal vareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver og vil omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

### 3.3 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal trekke opp dei langsigte måla for Bygland kommune og legge føringar for den framtidige retninga kommunen skal styre mot. Den vil innehalde ei framstilling og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen. Samfunnsdelen er premissleverandør for arealdelen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel vil vere grunnlag for einingane sine planar og verksemd i Bygland. Den skal gi retningsliner for korleis kommunen sine mål og strategiar skal gjennomførast. Handlingsdelen angir korleis planen skal følgast opp dei neste fire åra. Den årlege rulleringa av handlingsdelen til kommuneplanen skal forankrast i kommunestyre og administrasjon for å gi tilstrekkeleg fleksibilitet for endringar og tilstrekkeleg eigarskap til måla.

Jamfør kommunal planstrategi for Bygland kommune 2016-2020 (versjon 20.01.2018) vil kommuneplanen sin samfunnsdel bli utarbeidd på nytt.

### 3.4 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel skal gjelde for heile kommunen og vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Prosessen vil inkludere ei revidering av arealdelen basert på gjeldande plan. Arealdelen skal ivareta føringane i samfunnsdelen.

Kommuneplanen sin arealdel gir hovudtrekka i arealdisponeringa. Den gir rammer og føresetnader for kva for nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt viktige omsyn ein må ivaretake ved disponeringa av areala. Kommuneplanen sin arealdel skal omfatte plankart, føresegner og planomtale kor det går fram korleis nasjonale mål og retningsliner og overordna planar for arealbruk, er i varetekne.



Kommuneplanen sin arealdel fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak, bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Framtidige tiltak må difor ikkje vere i strid med planen sitt arealformål og generelle føresegner, samt føresegner knytt til arealformål og omsynssone. Detaljnivået i planen må tilpassast for å ikkje vere til hinder for framtidige behov som enno ikkje er avdekt.

Jamfør kommunal planstrategi for Bygland kommune 2016-2020 (versjon 20.01.2018) vil det bli gjennomført ein revisjon av arealdelen. For kommuneplanen sin arealdel vil revisjonen omfatte følgjande punkt

- Legge inn faktiske endringar i arealbruken sidan sist revisjon og ta ut føremålsområder som ikkje lenger er relevante
- Legge inn Strandsoneplanen, Heieplanen og gjeldande reguleringsplanar
- Gjennomgang av tekst slik at desse samsvarer med dei vedtaka, avgjerder og avtalar som er gjorde sidan sist revisjon
- Inkludere nye føremålsområder i planen

Det skal gjennomførast konsekvensutgreiing og ROS-analyse der verknader for miljø og samfunn skal skildrast for alle nye områder for utbygging og i eksisterande byggeområder der arealbruken blir vesentleg endra. Oppdatering av arealdelen i samsvar med vedtekne reguleringsplanar blir ikkje omfatta av kravet om konsekvensutgreiing.

### 3.5 Høyring og vedtak

Forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel blir sendt på høyring og blir lagt ut til offentleg ettersyn. Det blir kunngjort i Setesdølen samt på kommunen sine heimesider. Fristen for å gi fråsegn og eventuelt å fremme motsegn til kommuneplanen vil vere minst seks veker.


Forslaget skal seie korleis verknadane av planen og innkomne fråsegner til planforslaget har vore vurdert, og kva for ei tyding desse er tillagt vedtaket. Det skal òg seie korleis planen i varetek nasjonale og regionale omsyn.

Kommunestyret i Bygland vedtek kommuneplanen. Dersom kommunestyret vil treffe vedtak om kommuneplanen sin arealdel som medfører ein bruk av areal som ikkje har vore gjenstand for høyring under planbehandlinga, må dei delane av planen som blir ønskt endra, takast opp til ny behandling.

Planen skal kunngjerast og gjerast tilgjengeleg gjennom elektroniske medium. Eit eksemplar av planen skal sendast til departementet, fylkesmannen, regional planmakt og rørte statlege styresmakter. Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplanen kan ikkje klagast på. Kommunestyret kan delegera makt til å vedta mindre endringar i planen i samsvar med kommunelova sine reglar.

## 4 Strategiarbeid i kommunen

Kommuneplanen sitt innhald slik den er skildra i plan- og bygningslova samsvarer godt med ordinært strategisk arbeid med nedbryting til årlege handlingsplanar og mål. Samanhengane er skisserte under:



Figur 1: Samanheng mellom dei ulike plandokumenta i kommunen sitt strategiarbeid



## 4.1 Visjon


I kommuneplanen 2011-2022 finn vi kommunen sin visjon:

**Med hjarta i Bygland**

## 4.2 Verdiar

Bygland kommune har ikkje etablert felles verdiar i kommunen. Ein prosess på dette må eventuelt settast i gong separat dersom det er ønskeleg. Det er ikkje ein del av kommuneplanprosessen.

Organisasjonen Bygland kommune har eit sett med verdiar som blir tilgjengeleggjort for alle tilsette ved oppstart og dei blir synleggjort i einingane. Dei vedtekne verdiene er eit fundament og ei rettesnor for dei karaktertrekk og haldninga som det er forventa at tilsette i Bygland kommune skal arbeide etter. Desse verdiene skal ein ta omsyn til i alt organisasjonen planlegg og utførar og vil ligge til grunn for arbeidet med kommuneplanen.



Figur 2: Organisasjonen Bygland kommune sine verdiar



## 4.3 Innhald i kommuneplanen

Innhaltet i kommuneplanen vil vere basert på lovmessige område som skal dekkast, beste praksis og erfaringar frå tidlegare planar og andre gode kommuneplanar, samt spesielle ønske frå politikarar og administrasjon. Basert på planprogrammet for Regionplan Agder 2030 så legg ein opp til følgjande tematiske innretning av planarbeidet:

- **Samfunnssdelen**

- Status og utfordringbilete
  - Areal og naturgrunnlag
  - Folketals- og levekårsutvikling
  - Bustadutvikling
  - Sysselsetting
  - Kultur, idrett og fritid
- Kommunen som organisasjon
- Strategi og framtidig utvikling

*Hovudsatsingsområder:*

- Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Transport og kommunikasjon

*Gjennomgåande perspektiv som blir tematisert under alle hovudsatsingsområda:*

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø
- Utarbeide ein overordna arealstrategi
- **Arealdelen**
  - Gjennomgang av områder for revisjon og oppdatering av desse
  - Inkludere nye føremålsområder og omsynssoner
  - Utarbeide sti- og løypeplan
  - Kartlegge tiltak for å avhjelpe flaumsituasjonen i Åraksfjorden
- **Handlingsplan (over 4 år)**
  - Planen skal ha ei form som gjer årleg revisjon enkelt
  - Nedbryting til einingsmål (årleg)
  - Resultatsikring av gjennomføring (kvartalsvis)



- Planen kan i praksis vere økonomiplanen

#### 4.4 Føringar for kommuneplanarbeidet

Dei nasjonale forventingane frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2015) er retningsgivande, ikkje bestemmande, men skal hjelpe til at planlegginga blir meir målretta og ikkje meir omfattande enn nødvendig. Dei nasjonale forventingane fokuserer på effektive planprosessar, berekraftig areal- og samfunnsutvikling og attraktive og klimavennlege by og tettstادområde og vil bli brukt til støtte for overordna retning for kommuneplanen. FN sine berekraftsmål er ivareteke gjennom nasjonale og regionale planar.

Regionplan Agder 2030 skal etter planen opp til politisk behandling i juni 2019. Det vil bli det viktigaste overordna dokumentet for regional utvikling i Agder. Her set ein dei viktigaste måla for kva Agder skal oppnå innan 2030, og beskriv tiltak for korleis ein skal nå måla. Hovudmålet med Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk bærekraftig region i 2030 – eit attraktivt samfunn med låge utslepp og med gode levekår. Regionplan Agder 2030 vil bli eit viktig dokument for kommuneplanen.

I kommunal planstrategi for Bygland 2016-2020 (versjon 20.01.2018) er planar for dei ulike tenesteområda som skal utarbeidast eller reviderast i perioden, gjennomgått. Desse vil vere eit startpunkt for ny kommuneplan med omsyn til mål og forventingar innan dei ulike einingane.

Bygland kommune skal vera ein god stad å leve og virke gjennom:

- å vera attraktiv for dei som bur her og for nye som vil flytte til
- å legge til rette for nye arbeidsplassar og trygge dei eksisterande
- å ha gode vilkår for læring heile livet
- å utvikle og satse på eigne ressursar, eigenart og kvalitetar
- å ha gode vegar og god digital infrastruktur

#### 4.5 Medverknad og dialog

Planarbeidet skal legge til rette for at heile kommunen blir involvert på ein god måte. Dette er ein føresetnad for eit breitt eigarskap til gjennomføring av planen.

Medverknad blir sikra gjennom formell høyring av planprogram, planutkast og handlingsprogram i tråd med plan- og bygningslova, og gjennom aktiv involvering av innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv og frivillig sektor. Det blir lagt til rette for barn og unge sin medverknad i planprosessen. Når det gjeld arenaer for dialog og medverknad, er målet å bruke etablerte møteplassar.



## 5 Leveransar

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen skal innehalde følgjande leveransar:

1. Verifikasjon av gjeldande underlag
  - a. Gjennomgang av nasjonale/regionale planar med verknad på kommuneplanen.
  - b. Gjennomgang av gjeldande planar i Bygland under utarbeiding eller revisjon i valperioden.
  - c. Gjennomgang av visjonen og verdiane til kommunen. Her er det ikkje teke høgde for eventuell revisjon/etablering av desse. Det må eventuelt drivast gjennom eige arbeid.
2. Gjennomgang av dagens kommuneplan med samfunns- og arealdel
  - a. Ny samfunnsdel
  - b. Behov for revisjon/oppstart av nye områder i arealdelen
3. Utarbeiding av malar for kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
4. Gjennomføring av møter og aktiv involvering av rørte partar
  - a. Regelmessig oppdatering av avgjerdstakarar, inkludert rådmann, kommunen si leiargruppe og politikarar
  - b. Involvering av Bygland ungdomsråd og Rådet for eldre og funksjonshemma
  - c. Involvering av einingar i kommunen for innspel
  - d. Gjennomføre folkemøter med innbyggjarane i kommunen gjerne i form av planverkstadar
  - e. Gjennomføre ‘arbeidsmøter’ knytt til ulike tema i form av Gjestebod og/eller Idéugnadsdag
  - f. Gjennomføre ulike kartleggingsverktøy som for eksempel Barnetråkk i barne- og ungdomsskulen og Seniortråkk
  - g. Gjennomføre KS si innbyggjarundersøking
  - h. Dialog med statlege og regionale mynde med regionalt planforum som arena
5. Gjennomføring av høyringsperiode
  - a. Når utkast til ny samfunnsdel og arealdel til kommuneplanen er klart, blir formell høyringsrunde gjennomført i tråd med forvaltningslova § 37 og plan- og bygningslova § 5-2 og 11-14
6. Inkludering av innspel frå høyringsrunda
7. Oppdatert kommuneplan klar til vedtak i kommunestyret



## 6 Organisering

### 6.1 Politisk

Kommunestyret er planstyresmakt og skal gjere endeleg vedtak av planen.

Formannskapet er styringsgruppe for samfunnsdelen og kjem med innstilling til kommunestyret.

Plan-, miljø- og ressursutvalet blir styringsgruppe for arealdelen og kjem med innstilling til kommunestyret.

### 6.2 Administrativt

Arbeidet blir organisert som eit prosjekt, med kommunen si leiargruppe representert ved rådmannen som prosjekteigar. Fagleg leiar for plan har rolla som prosjektleiar med hovudansvar for framdrift og koordinering gjennom heile planprosessen.

Leiargruppa, folkehelsekoordinator og fagleiar plan er prosjektgruppe for samfunnsdelen. Arbeidet med samfunnsdelen skal vera tema på månadleg strategimøte i leiargruppa.

Rådmannen, leiar drift og forvaltning, leiar plan og utvikling, folkehelsekoordinator og fagleiar plan er prosjektgruppe for arealdelen. Arbeidet med arealdelen skal javnleg vere tema på møte mellom prosjektgruppa og rådmannen si leiargruppe.

Prosjektgruppene blir ansvarlege for framdrift, koordinering og utarbeiding av planen gjennom heile planprosessen. Noko av arbeidet med til dømes utgreiingar, vil bli delegert til ressurspersonar i administrasjonen med relevant kompetanse. Det kan bli aktuelt å kjøpe tenester eksternt til oppgåver der vi manglar kompetanse.

Det kan bli aktuelt å arrangere temamøte på tvers av administrasjon, politikk, næringsliv og utviklingslag rundt ulike tema, og å setje ned mindre arbeidsgrupper for å jobbe vidare med innspela som kjem inn.


## 7 Framdriftsplan

Planprogrammet legg opp til at ein skal starte med kommuneplanen sin samfunnsdel før arealdelen. Bakgrunnen for det er at samfunnsdelen legg ein del premissar for arealdelen. I praksis vil noko av arbeidet overlappe.

KPS – Kommuneplanen sin samfunnsdel

KPA – Kommuneplanen sin arealdel

Framdriftsplanen er skjematiske og kan bli justert.



Hovudleveransar i kommuneplanarbeidet:

Aktivitet	Tidsrom
Oppstart arbeid med planprogram	Desember 2018
Utkast planprogram til leiargruppa	04.02.2019
Godkjent høyringsutkast til planprogram	27.02.2019
Innspel frå einingar internt - samfunnsdelen	Q2 2019
Innspel frå folkemøter og arbeidsmøter - samfunnsdelen	Q3 – Q4 2019
Innspel til arealdelen	Q1 – Q2 2020
Godkjent høyringsutkast - samfunnsdelen	Q1 2020
Vedtak Kommuneplanen - samfunnsdelen	April 2020
Godkjent høyringsutkast - arealdelen	Q4 2020
Vedtak Kommuneplanen - arealdelen	Desember 2020



## 8 Møtestruktur

Arbeidet med kommuneplanen vil bli koordinert med involverte einingar intern. Møtestrukturen inkluderer følgjande:

- Kommunestyre / Formannskap / Plan-, miljø- og ressursutvalet
  - Orientering og vedtak av planprogram og endeleg plan
- Leiagrupsa/Rådmann
  - Månadleg statusoppdatering på framdrift samt avstemming på innhald/prosess
- Interne framdrift-/statusmøter
  - Kvar 14. dag for prosjektgruppa for arealdelen
- Møter med interne einingar
  - Orientering/oppstartsmøte for planprosessen
  - Innspel til planarbeidet frå einingar/tenester
- Folkemøter i form av planverkstad og/eller idédugnad
  - Gjennomførast på Byglandsfjord og på Bygland
- Gjestebod i høyningsperioden
  - Vertar arrangerer gjestebod for vener og kjente
  - Innspel på eit gitt eller sjølvvald tema relatert til kommuneplanen
- Møter med interessentar (næringsliv, organisasjonar, grunneigarar mm)
  - Gjennomførast i Bygland på egna form
- Møter med nabokommunar
  - Gjennomførast etter behov via Setesdal regionråd eller andre relevante fora
- Dialog med statlege og regionale mynde med regionalt planforum som arena